

Notat

Frå: Bekka Skaasheim

Til: Karianne Torvanger, leiar i hovudutvalet for opplæring

YSK tilbod i IKT-driftsfag ved Måløy vidaregåande skule.2018

*

Måløy vidaregåande skule har gjennom vedtak i hovudutvalet tilbod om YSK i utdanningsprogramma hels- og oppvekst(helse- og sosialfag) og teknikk og industriell produksjon. HO sak 32/08.

Vidare vart det i HO sak 27/15 tinga ei evaluering av ordninga. Evalueringa vart lagt fram i hovudutvalet i oktober 2016.

Gjennom evalueringa kom det fram at Måløy vidaregåande skule tilbyr YSK utover dei utdanningsprogramma som var vedteke i sak 32/08. IKT driftsfag er eitt av desse.

Måløy vidaregåande skule har gått utover det vedtekne tilbodet ved skulen. Dei har vist fleksibilitet og kreativitet i samarbeid med lokalt næringsliv. Samstundes har skulen skapt seg eit handlingsrom ut over dei rammer som politiske vedtak set.

Fylkesdirektøren vart kjend med tilbodet gjennom rapportering av fagkodar i det skuleadministrative systemet og oppmelding /organisering av eksamen.

Måløy vidaregåande skule har ikkje tilbod om ordinært vg2 IKT driftsfag og difor avgrensa tilgang til kompetanse ved eigen skule. Fylkesdirektøren er kjend med at Flora vidaregåande skule og eigen IKT medarbeidar har bidrege med kompetanse for å fylle læreplanmåla i faget.

Sogn og Fjordane fylkeskommune er som skuleeigar ansvarleg for kvaliteten i opplæringa , og det kan stillast spørsmål om elevane har fått dei timane dei har rett på. Vidare kan dette opne opp for at alle dei vidaregåande skulane etablerer tilbod utover det vedtekne opplæringstilbodet.

I HO sak 35/16, Opplæringstilbodet for skuleåret 2017/2018, gjorde hovudutvalet vedtak om å avgrense YSK tilbodet ved Måløy vidaregåande skule til å omfatte helse- og oppvekstfag, naturbruk, akvakultur og teknikk- og industriell produksjon.

Dette vedtaket har skapt reaksjonar i næringslivet. Det har gjennom media kome fram at næringslivet har bidrege økonomisk i opplæringa i IKT driftsfag.

Fylkesdirektøren har fått verifisert påstanden om økonomisk bidrag til opplæringa i IKT driftsfag til å vere 1d/v opplæring i bedrift. Rektor opplyser vidare at elevane har eit tilbod der deler av programfaget er studietid, då der ikkje er økonomi til å dekke alle timane. Rektor peikar vidare på at det ikkje vil vere økonomisk forsvarleg om skulen skal tilby programfag utover det vedtekne tilbodet i HO sak 35/16.

Måløy vidaregåande skule gir tilbod til 2 elevar 1.året, 3 elevar 2.året og 1 elev 3. året gjennom YSK-IKT driftsfag.